

# Forskrift [dd. mmmm 2025 nr. XXX] om gebyr etter plan- og bygningsloven, eierseksjonsloven og matrikkellova, Stranda kommune, Møre og Romsdal

**Heimel:** Fastsett av Stranda kommunestyre d. mmmm 2025 med heimel i [lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\) § 33-1](#), [lov 16. juni 2017 nr. 65 om eigarseksjonar \(eierseksjonsloven\) § 15](#) og [lov 17. juni 2005 nr. 101 om eigedomsregistrering \(matrikkellova\) § 32 første ledd](#).

## Kapittel 1 – Generelle føresegner

### § 1-1. Generelt

Gebyr etter denne forskriften vert betalt etter faktura utskrivne av kommunen. Alle priser er gitt i norske kroner. Det vert ikkje rekna meirverdiavgift på gebyr etter plan- og bygningsloven, matrikkellova eller eigarseksjonsloven.

Regulativet speglar det faktiske arbeidet dei ulike sakstypene medfører. Samla fakturert gebyr dekker sakshandsaming, administrasjonskostnader, tilsyn med vidare.

### § 1-2. Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter denne forskriften skal betale gebyr etter bestemmingane som kjem fram her.

Gebyra i regulativet reflekterer arbeidet til kommunen med dei ulike sakstypene og er berekna i samsvar med sjølvkostprinsippet. Gebyrsatsane kjem fram av kommunestyrets budsjettvedtak.

Kommunen krev i tillegg inn tinglysningsgebyr, dokumentavgift og annonseringsutgifter i saker der kommunen må forskottera dette.

### § 1-3. Tidspunkt for gebyrfastsetting og fakturering

For private planforslag etter [plan- og bygningsloven](#) gjeld følgjande reglar:

- gebyr for arbeid med oppstart av planarbeidet fakturerast som hovudregel etter at oppstartsmøte er fullført
- kommunen kan fakturere for planinitiativ før oppstartsmøtet er fullført
- dersom saka avsluttast før oppstartsmøtet, kan kommunen fakturere for planinitiativ når saka avsluttast
- gebyr for andre møte enn oppstartsmøte fakturerast løypande etter fullført møte, dersom anna ikkje er avtalt
- gebyr for planprogram fakturerast når planprogrammet er fastsett etter plan- og bygningsloven § 12-9
- resterande gebyr vert fakturert samstundes med kommunen si avgjerd om at forslaget skal fremjast, sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn
- gebyr vert rekna etter dei satsane som gjeld på tidspunkt for innsendt planinitiativ, oppstartsmøte, andre møte og når komplett innsendt planforslag er motteke av kommunen
- gebyrkavet vert retta til den som har underskrevet planforslaget som forslagsstillar, dersom anna ikkje er avtalt i oppstartsmøtet

For byggje- og delesak og eigarseksjonering gjeld følgjande reglar:

- gebyr vert fakturert når kommunen har handsama ferdig eller avslutta saka
- gebyr vert rekna etter dei satsar som gjeld på tidspunktet komplett søknad/rekvisisjon er motteke
- gebyrkavet vert retta til den som har underskrevet søknaden som tiltakshavar, dersom anna ikkje er avtalt
- det skal betalast eit særskild gebyr per utskrive matrikkelbrev, jf. matrikkelforskriften § 9, jf. § 16 fjerde ledd

For oppmåling etter matrikkellova gjeld følgjande reglar:

- gebyr vert fakturert når kommunen har handsama ferdig eller avslutta saka
- gebyr vert rekna etter dei satsar som gjeld på tidspunktet komplett søknad/rekvisisjon er motteke
- kommunen kan krevje gebyr betalt inn forsoktsvis, jf. matrikkelforskriften § 16 femte ledd
- gebyrkavet vert retta til den som har underskrevet rekvisisjonen, dersom anna ikkje er avtalt
- det skal betalast et særskild gebyr per utskrive matrikkelbrev, jf. matrikkelforskriften § 9, jf. § 16 fjerde ledd

Arbeidet med saka vert sett på som avslutta dersom det ikkje er sendt klage innan utgangen av klagefristen. For å følgje sjølvkostreglane skal det ved avslag betalast 100 % av ordinært gebyr. Beløpet vert ikkje godskrive ved ny eller endra søknad. Dersom søknad om seksjonering vert avslått, vert eventuelt innbetalt tinglysningsgebyr betala tilbake.

Gebyr, utgiftsdekningar mv. etter denne forskriften forfall til betaling etter påkrav i tråd med faktura. Ved manglande betaling tilkjem purregebyr og renter, jf. [forsinkelsesrenteloven](#). Dersom faktura ikkje vert betalt etter purring, vert kravet sendt til innfordring, jf. [inkassoforskriften](#). Gebyret må betalast og forfall sjølv om vedtaket i saka er påklaga.

### § 1-4. Sakkunnig bistand

Der kommunen leiger inn sakkunnig bistand for kontroll, fråsegner, vurderinger ut frå lov- og forskriftskrav og liknande, vil kostnadene for slik bistand bli lagt til gebyret. I tillegg vert det fakturert for medgått tid for kommunen sitt arbeid med å hente inn denne bistanden.

## § 1-5. Reduksjon av gebyr

Dersom eit gebyr klart overstig sjølvkost i ei enkelt sak, skal kommunen på eige initiativ redusere gebyret.

Kommunen kan på eige initiativ gjev redusert gebyr til idrettsorganisasjonar, idrettslag og andre lag/foreiningar med allmennytte føremål. Storleiken på reduksjonen kjem fram av det årlege gebyrregulativet

## § 1-6. Klage

Det er ikkje høve til å klage på gebyr som følgjer direkte av denne forskrifta, jf. [forvaltningsloven](#).

## § 1-7. Definisjonar og forklaringar

I denne forskrifta tyder:

- a. Pbl: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven).
- b. Mtl: Lov om eideomsregistrering (matrikkellova).
- c. Eiersl: Lov om eierseksjoner (eierseksjonsloven).
- d. SAK: Forskrift om byggesak (byggesaksforskriften).
- e. TEK: Forskrift om tekniske krav til byggverk (byggteknisk forskrift).
- f. Planintiativ: eige dokument som forslagsstillar må sende til kommunen før oppstartsmøte og skal i naudsynt grad omtale premissane for det vidare planarbeidet, jf. [forskrift om handsaming av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven](#)
- g. Oppstartsmøte: lovpålagt møte mellom forslagsstillar og kommune. Møtet tek for seg alle tema som er naudsynt for å klargjere føresetnadene for det vidare planarbeidet og utforminga av det endelege planforslaget
- h. Konsekvensutgreiing: særskild vurdering og beskriving av verknadane plana har for miljø og samfunn, jf. [forskrift om konsekvensutredninger](#)
- i. Søknadspliktige tiltak: tiltak som det må søkjast om etter [plan- og bygningsloven § 20-1, § 20-2, § 20-3 og § 20-4](#)
- j. Tilsyn: verkemiddel for å kontrollere at byggjetiltak gjennomførast i samsvar med bestemmingane gjeve i eller med heimel i plan- og bygningsloven og som bidreg til betre gjennomføring av byggjeprosessar, avdekker ulovlegheit og verker førebyggande
- k. Grunngebyr: gebyr som skal dekke dei generelle oppgåvane i sakshandsamingsprosessen. Grunngebyret skal dekke blant anna mottak av søknad, innregistrering, journalføring, fordeling av sak og arkivering. Gebyret er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket.
- l. Sakshandsamingsgebyr: Gebyr som skal dekke oppgåvane i sakshandsamingsprosessen som er avhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket.
- m. Registreringsgebyr: Gebyr som skal dekke arbeidet med oppgåvene knytt til registrering i matrikkelen.
- n. Førehandskonferanse: møte for avklaring av rammar og innhald i tiltaket jf. [plan- og bygningsloven § 21-1](#) før byggjesøknad vert sendt inn til kommunen
- o. Brukseining: Bygning eller del av bygning (lokale), f.eks. bueining, garasje, annekts/uthus, kontoreining, verkstad og lager.
- p. Bueining: Brukseining som har alle hovudfunksjonar for bustad, slik som stue, kjøkken, soveplass, bad og toalett, og har eigen inngang og er fysisk åtskilt frå dei andre einingane, jf. SAK § 2-2.
- q. Bygningstype: standardisert kategorisering av den enkelte bygning etter NS-3457-3 Bygningstypar kor bygningstypar frå 111 til 199 tilhøyrar bygningshovudgruppe bustad og bygningstypar frå 211 til 999 er alt anna enn bustad
- r. Tilleggsdel: tillegg til hovuddel, til dømes bod, garasje, parkeringsplass eller uteareal
- s. Matrikkel: Nasjonalt eideomsregister der kvar eideom har eit unikt nummer beståande av kommunenummer, gardsnummer (gnr), bruksnummer (bnr), festenummer (fnr) og seksjonsnummer (snr). Dersom eideomen ikkje har feste- og/eller seksjonsnummer har desse verdien null (0). Tidlegare kalla GAB-registeret (Grunneideoms-, Adresse- og Bygningsregisteret).
- t. Matrikkeining: grunneideom, anleggseideom, eigarseksjon, jordsameige eller festegrunn
- u. Eideom: Fast eideom definert med eit eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i samsvar med lovsgivinga om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eideom.
- v. Bruksareal (BRA): bruksareal slik det går fram av målereglane i byggteknisk forskrift kapittel 5
- w. Vnr.: Varenummer.

## Kapittel 2 – Private planforslag (reguleringsplanar)

### § 2-1. Generelt

Kapitelet omhandlar gebyr for sakshandsaming av private planforslag etter [plan- og bygningsloven](#), samt endring av reguleringsplan. Kapittelet gjelder også private forslag til områderegulering for konsesjonspliktige vindkraftanlegg etter [energiloven](#).

I § 2-8 er det presisert kva for planforslag og arealføremål det ikkje vert fakturert gebyr for.

Samla gebyr består av gebyr for arbeid med oppstart av planarbeidet og for handsaming av innsendt planforslag. Dersom planforslaget har mangelfulle plandokument, kan kommunen fakturere tilleggsgebyr.

### § 2-2. Gebyr for arbeid med oppstart av planarbeidet

#### § 2-2-1. Gebyr for planinitiativ

Gebyr for gjennomgang av planinitiativ inkluderer eitt initiativ. Dersom innsendt planinitiativ inneheld feil eller manglar ved første gongs innsending og må sendast inn fleire gonger, fakturerast det gebyr per innsending.

| Planinitiativ |   | Berekingseining               | Gebyr  |
|---------------|---|-------------------------------|--------|
| Vnr. Y        | Gjennomgang av planinitiativ                | Per planinitiativ             | Kr X,- |
| Vnr. Y        | Planinitiativ som sendast inn fleire gonger | Per påfølgjande planinitiativ | Kr X,- |

#### § 2-2-2. Gebyr for oppstartsmøte og andre møter i oppstartsfasen

Gebyret for oppstartsmøtet dekker førebuingar, deltaking i møtet samt referat og etterarbeid som kommunen har.

| Møte i oppstartsfasen |   | Berekingseining   | Gebyr  |
|-----------------------|---|-------------------|--------|
| Vnr. Y                | Oppstartsmøte                                 | Per oppstartsmøte | Kr X,- |
| Vnr. Y                | Arbeidsmøte med forslagsstiller/plankonsulent | Per time          | Kr X,- |

#### § 2-2-3. Forhold til overordna planar i kommunen

Dersom planinitiativet er i strid med kommuneplan skal det betalast eit tilleggsgebyr.

| Forhold til overordna planar |   | Berekingseining   | Gebyr  |
|------------------------------|---|-------------------|--------|
| Vnr. Y                       | Planinitiativ i strid med kommuneplanen | Per planinitiativ | Kr X,- |

#### § 2-2-4. Gebyr for fastsetting av planprogram

| Planprogram, jf. pbl § 4-1, § 4-2 andre ledd |                            | Berekingseining | Gebyr  |
|--|----------------------------|-----------------|--------|
| Vnr. Y                                       | Fastsetting av planprogram | Per planprogram | Kr X,- |

#### § 2-2-5. Tilleggsgebyr for politisk prøving av planinitiativ

| Politisk prøving av planinitiativ |  | Berekingseining   | Gebyr  |
|-----------------------------------|--|-------------------|--------|
| Vnr. Y                            | Dersom forslagsstiller krev spørsmål om vesentlege ueinigheter om det vidare planarbeidet førelagt kommunestyret etter pbl § 12-8 første ledd      | Per sak           | Kr X,- |
| Vnr. Y                            | Dersom forslagsstiller krev at avgjersla om stans av planinitiativ skal leggjast fram for kommunestyret for handsaming etter pbl § 12-8 andre ledd | Per planinitiativ | Kr X,- |

#### § 2-2-6. Mangelfulle plandokument

Det vert fakturert tilleggsgebyr dersom planforslaget ikkje leverast i fullverdig digital form, og kommunen har meirarbeid ved retting av kartgrunnlag og/eller plandokument.

| Mangelfulle plandokument |  | Berekingseining | Gebyr  |
|--------------------------|--|-----------------|--------|
| Vnr. Y                   | Tilleggsgebyr ved utarbeiding av skriftleg tilbakemelding om manglar i plandokumenta | Per time        | Kr X,- |
| Vnr. Y                   | Tilleggsgebyr for retting av mangelfulle plandokument til førstegongshandsaming      | Per time        | Kr X,- |

### § 2-3. Gebyr for handsaming av private planforslag

#### § 2-3-1. Grunngebyr for planforslag

Grunngebyret skal dekke dei generelle oppgåvane i sakshandsaminga som er uavhengig av kompleksitet og storleiken på forslaget.

| Grunngebyr |                            | Berekingseining | Gebyr  |
|------------|----------------------------|-----------------|--------|
| Vnr. Y     | Grunngebyr for planforslag | Per planforslag | Kr X,- |

#### § 2-3-2. Tilleggsgebyr for arbeidsmøte undervegs i planprosessen

| Arbeidsmøte |   | Berekingseining | Gebyr  |
|-------------|---|-----------------|--------|
| Vnr. Y      | Arbeidsmøte med forslagsstiller/plankonsulent | Per time        | Kr X,- |

### § 2-3-3. Tilleggsgebyr for planar med konsekvensutgreiing

| Konsekvensutgreiing, jf. pbl § 4-1, § 4-2 andre ledd og kap. 14 |               | Berekingseining | Gebyr  |
|---|---------------|-----------------|--------|
| Vnr. Y  | Inntil 5 tema | Per planforslag | Kr X,- |
| Vnr. Y  | Utover 5 tema | Per tema        | Kr X,- |

### § 2-3-4. Tilleggsgebyr for omsynssonar i planforslaget

Gebyret utløysast dersom planforslaget inneholder over 2 omsynssonar. Omsynssonar definerast i [kart- og planforskriftens vedlegg III](#).

| Omsynssonar               | Berekingseining | Gebyr  |
|---------------------------|-----------------|--------|
| Vnr. Y Over 2 omsynssonar | Per omsynssone  | Kr X,- |

### § 2-3-5. Tilleggsgebyr for grunnarealet til plana

| Plana sitt grunnareal  | Berekingseining | Gebyr  |
|--|-----------------|--------|
| Vnr. Y Planforslag der plana sitt grunnareal er over 10.000 m <sup>2</sup> | Per planforslag | Kr X,- |

### § 2-3-6. Tilleggsgebyr for fleire tomter for bebyggjelse

| Tomter for bebyggjelse      | Berekingseining | Gebyr  |
|-----------------------------|-----------------|--------|
| Vnr. Y Frå og med 20 tomter | Per planforslag | Kr X,- |

### § 2-3-7. Tilleggsgebyr for fleire vertikalnivå

Gebyret ildiggast planforslag med regulering i fleire vertikalnivå enn grunnarealet over bakken, jf. [kart- og planforskriften § 9](#).

| Tilleggsgebyr for vertikalnivå               | Berekingseining              | Gebyr  |
|--|------------------------------|--------|
| Vnr. Y Tilleggsgebyr for fleire vertikalnivå | Per vertikalnivå utover eitt | Kr X,- |

### § 2-3-8. Tilleggsgebyr for planforslag i strid med overordna planar

| Forhold til overordna planar               | Berekingseining | Gebyr  |
|--|-----------------|--------|
| Vnr. Y Planforslag i strid med kommuneplan | Per planforslag | Kr X,- |

## § 2-4. Gebyr for utfylling, endring og oppheving av plan

| Utfylling, endring og oppheving av plan   | Berekingseining | Gebyr                |
|---|-----------------|----------------------|
| Vnr. Y Endringar som handsamast som ein ny plan i samsvar med pbl § 12-14 første ledd   | Per planforslag | Fullt gebyr          |
| Vnr. Y Endringar i reguleringsplan, oppheving av, eller utfylling innafor hovudtrekka i reguleringsplan, jf. pbl § 12-14 andre ledd – som krev <b>politisk handsaming</b>                             | Per søknad      | Kr X,-               |
| Vnr. Y Endringar i reguleringsplan, oppheving av, eller utfylling innafor hovudtrekka i reguleringsplan, jf. pbl § 12-14 andre ledd – som krev <b>administrativ handsaming</b>                        | Per søknad      | Kr X,-               |
| Vnr. Y Enkle, mindre endringar etter kommunens skjønn, til dømes endring av eit arealformål som ikkje har konsekvensar for eksterne, utvide storleik av arealformål, BYA-%, ny tilkomst, og liknande. | Per søknad      | Kr X,-               |
| Vnr. Y Tilleggsgebyr for møte i sak om endring mv. av reguleringsplan, jf. pbl § 12-14 andre ledd   | Per time        | Gebyr etter § 2-3-2. |

## § 2-5. Gebyr ved avslutning av planarbeidet

Ved trekk av planinitiativ/forslag eller manglende oppfølging frå forslagsstiller skal det betalast ein del av samla gebyr avhengig av kor langt kommunen har komme i sakhandsaminga.

| Avslutning av planprosess  | Berekingseining   | Gebyr                       |
|--|-------------------|-----------------------------|
| Vnr. Y Dersom saka trekkast før oppstartsvarsel eller planmynde avgjerd at initiativet skal stoppast | Per planinitiativ | Gebyr etter § 2-2-1.        |
| Vnr. Y Etter fullført oppstartsmøte, men før innsending av forslag                                   | Per planoppstart  | Gebyr etter § 2-2.          |
| Vnr. Y Avslutning av planarbeidet etter at planforslaget er motteke av kommunen                      | Per planforslag   | 50 % av gebyr etter § 2-3.* |
| Vnr. Y Avslutning av arbeid med planendring etter § 2-3. før saka er sendt på høyring                | Per søknad        | 50 % av gebyr etter § 2-4   |
| Vnr. Y Gebyr ved avslag etter pbl § 12-11  | Per planforslag   | Fullt gebyr                 |

\*Gebyr etter § 2-3-2. fakturerast i sin heilheit.

## § 2-6. Gebyr for oppstartsmøte ved manglende oppfølging frå forslagsstillaar

Med mindre anna er avtalt, kan kommunen krevje nytt oppstartsmøtegebyr i følgjande tilfelle:

| Gebyr for oppstartsmøte ved manglende oppfølging |  | Berekingseining        | Gebyr                |
|--|--|------------------------|----------------------|
| Vnr. Y   | Der planoppstart ikkje er kunngjort innan 12 månadar etter første oppstartsmøte      | Per nytt oppstartsmøte | Gebyr etter § 2-2-2. |
| Vnr. Y   | Der komplet planforslag ikkje er motteke innan 24 månadar etter første oppstartsmøte | Per nytt oppstartsmøte | Gebyr etter § 2-2-2. |

## § 2-7. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter [plan- og bygningsloven](#) som ikkje fell inn under andre paragrafar i dette kapitelet, fakturerast etter tida som er gått med. I spesielle/atypiske saker kan kommunen sjølv bestemme at gebyret skal fastsettast etter tida som er gått med. Timesatsen dekker blant anna sakshandsaming, støttefunksjonar og administrasjon.

| Timepris | Berekingseining              | Gebyr           |
|----------|------------------------------|-----------------|
| Vnr. Y   | Gebyr per time for plansaker | Per time Kr X,- |

## § 2-8. Gebyrfritak

### § 2-8-1. Arealføremål som ikkje inngår i berekning av gebyr

Arealføremåla grønstruktur ([plan- og bygningsloven § 12-5](#) nr. 3), LNF(R) ([plan- og bygningsloven § 12-5](#) nr. 5) og natur-/friluftsområde i sjø og vassdrag ([plan- og bygningsloven § 12-5](#) nr. 6) inngår ikkje i utrekninga av gebyr.

### § 2-8-2. Offentlege planforslag

Kommunen reknar ikkje gebyr for å behandle planforslag frå offentlege forslagsstillarar når plana skal ivareta offentlege interesser eller funksjonar og tiltaket skal finansierast med støtte frå stat eller kommune, eller med lån som har statleg eller kommunal garanti.

### § 2-8-3. Unntak gebyrfritak – Offentlege forslagsstillarar med kommersielle interesser

Offentlege forslagsstillarar, herunder kommunale føretak, som fremmar planforslag knytt til eigedomsutvikling av reine eigedoms- og grunneigarinteresser (kommersielle interesser), er likestilt med private forslagsstillarar og skal betale gebyr.

Der deler av plana frå offentlege forslagsstillarar, herunder kommunale føretak, er knytt til eigedomsutvikling mv. (kommersielle interesser), skal det betalast gebyr for denne delen utrekna etter reglane i § 2-3.

## Kapittel 3 – Byggje- og delesakshandsaming

### § 3-1. Generelt

For alle søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningsloven skal det reknast grunngesbyr, registreringsgesbyr og sakshandsamingsgesbyr med mindre noko anna kjem fram av forskrifta. Storleiken på gesbyret er det same for løye som for avslag.

Gesbyra gjeld for både eitt-trinns søknadar og rammesøknadar. I begge tilfella er ferdigattest inkludert i gesbyret, dersom det ikkje er meir enn fem år sidan byggjeløyve første gong er gitt.

### § 3-2. Tilsyn etter plan- og bygningsloven

Tilsyn er eit viktig verkemiddel for å kontrollere at tiltak vert gjennomført i samsvar med føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Tilsyn skal bidra til betre gjennomføring av byggjeprosessar, avdekke lovbro og verke førebyggjande.

10 % av gesbyret skal dekke kommunen si tilsynsverksemد.

### § 3-3. Grunngesbyr

Det fakturerast grunngesbyr i alle saker, med mindre noko anna går fram av denne forskrifta.

Grunngesbyret skal dekke dei generelle oppgåvane i sakshandsaminga som er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket, eksempelvis arkiv, infrastruktur, mottakskontroll mv. Ferdigattest som utstedes i løpet av fem år etter opphavleg byggjeløyve dekkes også av grunngesbyret.

| Grunngesbyr                   | Berekningseining | Gesbyr |
|-------------------------------|------------------|--------|
| Vnr. Y Søknadspliktige tiltak | Per søknad       | Kr X,- |

### § 3-4. Registreringsgesbyr

For tiltak etter pbl. skal det betalast registreringsgesbyr som skal dekke kostnadene knytt til arbeid som må bli gjort i matrikkelen. Arbeid i matrikkelen aukar proporsjonalt med tal på brukseiningar og det skal betalast eit registreringsgesbyr per brukseining. Gesbyret skal også betalast ved endring av brukseining, samt for meldepliktige tiltak som ikkje er søknadspliktige. Gesbyret reknast maksimalt inntil 20 brukseiningar.

| Registreringsgesbyr   | Berekningseining | Gesbyr |
|---|------------------|--------|
| Vnr. Y Registreringspliktige tiltak, for den første og andre brukseininga | Per brukseining  | Kr X,- |
| Vnr. Y Registreringspliktige tiltak, frå og med den tredje brukseininga   | Per brukseining  | Kr X,- |
| Vnr. Y Meldepliktige tiltak som ikkje er søknadspliktige                  | Per tiltak       | Kr X,- |

### § 3-5. Førehandskonferanse

For nærmare avklaring av rammer og innhald i tiltaket kan det bli heldt førehandskonferanse mellom tiltakshavar, kommunen og andre aktuelle fagmynde. Førehandskonferanse gjev ikkje grunngesbyr. Gesbyr betalast uavhengig av om det er kommunen eller tiltakshavar som ber om førehandskonferanse.

| Førehandskonferanse etter pbl § 21-1 | Berekningseining | Gesbyr |
|--------------------------------------|------------------|--------|
| Vnr. Y Førehandskonferanse           | Per møte         | Kr X,- |

### § 3-6. Tilbaketrekking av søknad

Ved tilbaketrekking av søknad skal det betalast ein del av gesbyret avhengig av kor langt kommunen har kome i sakshandsaminga. Eventuelt gesbyr for utsending av mangelbrev fakturerast i sin heilheit.

| Tilbaketrekking av søknad  | Berekningseining | Gesbyr                                      |
|--|------------------|---|
| Vnr. Y For søknader som trekkjast eller avisast før sakshandsaming er starta   | Per søknad       | Grunngesbyr                                 |
| Vnr. Y For søknader som trekkjast etter utsendt mangelbrev   | Per søknad       | Grunngesbyr + 25 % av sakshandsamingsgesbyr |
| Vnr. Y For søknader som trekkjast etter at dei vert sendt til høyring eller som krev uttale frå f.eks. statsforvaltar eller vegvesenet | Per søknad       | Grunngesbyr + 50 % av sakshandsamingsgesbyr |
| Vnr. Y For sak som avsluttast etter sakshandsaming, men før utsending av vedtak  | Per søknad       | Fullt gesbyr                                |

### § 3-7. Mangelfull søknad

Ein søknad kan returneras dersom søknaden er mangelfull og ikkje fullstendig i høve til krav fastsett i lov eller forskrift. Dersom søker ikkje har fullstendig søknad, fakturerast det for utsending av mangelbrev.

| Mangelbrev                     | Berekningseining | Gesbyr |
|--------------------------------|------------------|--------|
| Vnr. Y Utsending av mangelbrev | Per mangelbrev   | Kr X,- |

### § 3-8. Søknad om endring av gjeve løyve

Ved søknad om endring av gjeve løyve kjem det gebyr så fremt endringane ikkje dekkes av andre føresegner i regulativet. Søknad om endring av gjeve løyve utløysar ikkje nyt grunngesbyr med mindre endringane er så betydelege at søknaden blir å sjå på som ny sak.

| Søknad om endring av gjeve løyve |  | Berekingseining | Gebyr                        |
|----------------------------------|--|-----------------|------------------------------|
| Vnr. Y                           | Ved endring av godkjent søknad om tiltak som ikkje krev nabovarsling og som krev nyt vedtak, skal det betalast ein del av ordinært gebyr for ny søknad | Per søknad      | 20 % av sakshandsamingsgebyr |
| Vnr. Y                           | Ved endring av godkjent søknad om tiltak som krev nabovarsling og som krev nyt vedtak, skal det betalast ein del av ordinært gebyr for ny søknad       | Per søknad      | 50 % av sakshandsamingsgebyr |
| Vnr. Y                           | Dersom endringane er så betydelege at søknaden vert å sjå som ny sak   | Per søknad      | Fult gebyr                   |

Det skal betalast fullt gebyr ved ny handsaming av tidlegare godkjend byggjetiltak. Dersom endringa utløysar ny søknad om dispensasjon, skal det i tillegg betalast gebyr etter § 3.9.

### § 3-9. Dispensasjonssøknader

Tiltak som ikkje er i samsvar med føresegner i lov, forskrift eller plan krev søknad om dispensasjon. Gebyret kjem i tillegg til andre gebyr. Ved samstundes søknad om dispensasjon og andre tiltak etter dette kapittel, krevjast det berre eitt grunngesbyr.

| Dispensasjon etter pbl. § 19-1 |  | Berekingseining              | Gebyr  |
|--------------------------------|--|------------------------------|--------|
| Vnr. Y                         | Første dispensasjon etter pbl § 19-1   | Per søknad/dispensasjon      | Kr X,- |
| Vnr. Y                         | Ved fleire dispensasjonar i same søknad  | Per påfølgjande dispensasjon | Kr X,- |
| Vnr. Y                         | Tilleggsgebyr om dispensasjonssøknaden krev ekstern høyring  | Per søknad                   | Kr X,- |
| Vnr. Y                         | Tilleggsgebyr om dispensasjonssøknaden krev politisk handsaming                                    | Per søknad                   | Kr X,- |
| Vnr. Y                         | Dispensasjon for tiltak på eksisterande bygningar i LNF-område i tråd med gjeldande retningslinjer | Per søknad                   | Kr X,- |

### § 3-10. Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak

Gebyret gjeld for søknadspliktige tiltak som skal handsamast etter pbl § 20-1 m. Grunngesbyr og registreringsgebyr kjem i tillegg. Gebyret for oppretting av grunneigedom mv. reknast maksimalt inntil 5 matrikkeleiningar.

| Frådeling mv., jf. pbl § 20-1 m |   | Berekingseining     | Gebyr  |
|---------------------------------|---|---------------------|--------|
| Vnr. Y                          | Opprettning av grunneigedom, søknad om frådeling av grunneigedom og innløysing av festetomt (deling) i <u>regulert</u> område       | Per matrikkeleining | Kr X,- |
| Vnr. Y                          | Opprettning av grunneigedom, søknad om frådeling av grunneigedom og innløysing av festetomt (deling) i <u>ikkje regulert</u> område | Per matrikkeleining | Kr X,- |
| Vnr. Y                          | Vedtak om arealoverføring   | Per arealoverføring | Kr X,- |
| Vnr. Y                          | Opprettning av anleggseigedom   | Per anleggseigedom  | Kr X,- |
| Vnr. Y                          | Opprettning av nyt jordsameige  | Per jordsameige     | Kr X,- |

For søknadspliktige tiltak som skal handsamast etter pbl § 20-1, jf. § 20-4 og tiltak som kan forvaltast av tiltakshavar jf. SAK §§ 3-1 og 3-2 skal det betalast følgjande gebyr. Grunngesbyr og registreringsgebyr kjem i tillegg.

| Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak, jf. pbl 20-4 |   | Berekingseining | Gebyr  |
|---|---|-----------------|--------|
| Vnr. Y  | Mindre tiltak som garasjar, uthus, og tilbygg på eigedom med eksisterande bygningar, jf. SAK § 3-1 a og b | Per tiltak      | Kr X,- |
| Vnr. Y  | Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ei brukseining, jf. SAK § 3-1 c          | Per søknad      | Kr X,- |
| Vnr. Y  | Skilt- og reklameinnretningar etter SAK § 3-1 d   | Per søknad      | Kr X,- |
| Vnr. Y  | Frittliggende bustadbygning etter SAK § 3-1 e   | Per søknad      | Kr X,- |
| Vnr. Y  | Alminnelege driftsbygningar i landbruket, jf. SAK § 3-2   | Per tiltak      | Kr X,- |
| Vnr. Y  | Midlertidige tiltak mv. jf. pbl § 20-4 c  | Per tiltak      | Kr X,- |
| Vnr. Y  | Andre mindre tiltak som etter kommunen sitt skjønn tiltakshavar kan stå for jf. pbl 20-4 e                | Per tiltak      | Kr X,- |

### § 3-11. Søknadspliktige tiltak med krav om ansvarleg føretak

Søknad, prosjektering og utføring av tiltak som skal forestås av føretak med ansvarsrett. Grunngesbyr kjem i tillegg til sakshandsamingsgesbyret. Det same gjeld registreringsgesbyr dersom tiltaket er registreringspliktig i matrikkelen.

§ 3-11-1. Oppføring, tilbygging, påbygging, underbygging eller plassering av bygning, konstruksjon eller anlegg, vesentleg endring eller reparasjon

| Sakshandsamingsgesbyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1, a og b |   | Berekingseining | Gebyr  |
|---|---|-----------------|--------|
| <b>Bustad og fritidsbustad:</b>                                       |   |                 |        |
| Vnr. Y  | <b>Bustad/fritidsbustad med inntil to bueiningar</b><br>Bygningstype 111-124, 161-163   | Per søknad      | Kr X,- |
| Vnr. Y  | <b>Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustad/fritidsbustad med inntil to bueiningar</b><br>Bygningstype 111-172                          | Per tilbygg     | Kr X,- |
| Vnr. Y  | <b>Rekkehus, kjedehus og andre småhus</b><br>Bygningstype 131-136, 161-163  | Per søknad      | Kr X,- |
| Vnr. Y  | <b>Store bustad- og fritidsbygg med tre eller fleire bueiningar</b><br>Bygningstype 141-163   | Per søknad      | Kr X,- |
| Vnr. Y  | <b>Tilbygg, påbygg eller underbygg til rekkehushus, kjedehus, andre småhus, samt store bustad- og fritidsbygg</b><br>Bygningstype 111-172 | Per time        | Kr X,- |
| Vnr. Y  | <b>Garasje, uthus, anneks, naust mv. til bustad og fritidsbustad</b><br>Bygningstype 181-199  | Per bygning     | Kr X,- |
| Vnr. Y  | <b>Tilleggsbygg som del av søknad (garasje, anneks, uthus, eller liknande)</b><br>Bygningstype 171-199                                    | Per bygning     | Kr X,- |
| <b>Andre bygningar enn bustad:</b>                                    |   |                 |        |
| Vnr. Y  | <b>Industri-/næringsbygg (bygningstype: 211-249)</b>  | Per bygning     | Kr X,- |
| Vnr. Y  | <b>Landbruksbygg (bygningstype: 211-249)</b>  | Per bygning     | Kr X,- |
| Vnr. Y  | <b>Kontor- og forretningsbygg (bygningstype: 311-330)</b>   | Per bygning     | Kr X,- |
| Vnr. Y  | <b>Andre næringsbygg og offentlege bygg (bygningstype: 411-823; 999)</b>  | Per bygning     | Kr X,- |
| Vnr. Y  | <b>Monument og offentleg toalett ol. (bygningstype: 830-840)</b>  | Per bygning     | Kr X,- |
| Vnr. Y  | <b>Tilbygg, påbygg eller underbygg til anna enn bustad</b><br>(bygningstype: 211-999)   | Per bygning     | Kr X,- |
| <b>Andre tiltak enn bygningar (konstruksjonar og anlegg)</b>          |   |                 |        |
| Vnr. Y  | Røyranlegg, leidningsanlegg mv.   | Per søknad      | Kr X,- |
| Vnr. Y  | Avløpsanlegg, olje-/feittutskiljar jf. forurensningsforskriften kapittel 12, 13, 15 og 15A  | Per tiltak      | Kr X,- |
| Vnr. Y  | Symjebasseng, dam/brønn og liknande   | Per tiltak      | Kr X,- |
| Vnr. Y  | Brygge, molo, kai ol.   | Per tiltak      | Kr X,- |
| Vnr. Y  | Støttetur   | Per tiltak      | Kr X,- |
| Vnr. Y  | Andre typar konstruksjonar og anlegg  | Per time        | Kr X,- |

### § 3-11-2. Fasadeendring

| Sakshandsamingsgesbyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 c |   | Berekingseining | Gebyr  |
|---|---|-----------------|--------|
| Vnr. Y  | Fasadeendring   | Per søknad      | Kr X,- |
| Vnr. Y  | Fasadeendring på bygg, konstruksjon eller anlegg med kulturminneinteresse | Per søknad      | Kr X,- |

§ 3-11-3. Bruksendring, vesentleg utviding eller vesentleg endring av tidlegare bruk av tiltak som nemnt i pbl § 20-1 a

| Sakshandsamingsgesbyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 d |   | Berekingseining | Gebyr  |
|---|---|-----------------|--------|
| Vnr. Y  | Bruksendring mv. med endring av berande konstruksjon, brannskilje, tekniske installasjonar mv.  | Per søknad      | Kr X,- |
| Vnr. Y  | Bruksendring mv. utan endring av berande konstruksjon, brannskilje, tekniske installasjonar mv. | Per søknad      | Kr X,- |

### § 3-11-4. Riving av tiltak som nemnt i pbl § 20-1 a

| Sakshandsamingsgesbyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 e |   | Berekingseining | Gebyr  |
|---|---|-----------------|--------|
| Vnr. Y  | Riving mv. av bygg, konstruksjon, anlegg med kulturminneinteresse | Per tiltak      | Kr X,- |
| Vnr. Y  | Riving mv. av andre bygg, konstruksjonar og anlegg                | Per tiltak      | Kr X,- |
| Vnr. Y  | Tillegg for avfallsplan   | Per avfallsplan | Kr X,- |

§ 3-11-5. Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar

| Sakshandsamingsgesbyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 f |   | Berekingseining | Gebyr  |
|---|---|-----------------|--------|
| Vnr. Y  | Sanitærinstallasjonar, ventilasjons-/sprinklar-/antenne-/solcelleanlegg, heis og liknande | Per tiltak      | Kr X,- |
| Vnr. Y  | Skorstein og andre enkle tiltak   | Per tiltak      | Kr X,- |

### § 3-11-6. Oppdeling eller samanføying av brukseininger for bustad

For eksempel at det vert ei bueining mindre i ei bygning.

| Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 g |   | Berekingseining | Gebyr  |
|--|---|-----------------|--------|
| Vnr. Y   | Samanføying av brukseininger i bustad mv. | Per søknad      | Kr X,- |
| Vnr. Y   | Oppdeling av brukseininger i bustad mv.   | Per ny bueining | Kr X,- |

### § 3-11-7. Oppføring av innhegning mot veg

Dersom tiltak under inngår i søknad etter kapittel 20 i pbl., skal det ikke krevjast separat gebyr.

| Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 h |  | Berekingseining | Gebyr  |
|--|--|-----------------|--------|
| Vnr. Y   | Innhegning mot veg (eksempelvis støyskerm) | Per tiltak      | Kr X,- |

### § 3-11-8. Plassering av skilt- og reklameinnretninger

| Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 i |                                  | Berekingseining | Gebyr  |
|--|----------------------------------|-----------------|--------|
| Vnr. Y   | Enkelt skilt eller reklame       | Per tiltak      | Kr X,- |
| Vnr. Y   | Søknad med fleire enn eitt skilt | Per søknad      | Kr X,- |

### § 3-11-9. Plassering av midlertidige bygningar, konstruksjonar eller anlegg

| Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 j |  | Berekingseining | Gebyr  |
|--|--|-----------------|--------|
| Vnr. Y   | Plassering av midlertidige skule-/barnehagebygg mv. som skal stå i inntil 2 år | Per søknad      | Kr X,- |
| Vnr. Y   | Plassering av andre midlertidige bygningar mv. som skal stå i inntil 2 år      | Per søknad      | Kr X,- |

### § 3-11-10. Vesentleg terrengeinngrep

| Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 k |                            | Berekingseining | Gebyr  |
|--|----------------------------|-----------------|--------|
| Vnr. Y   | Vesentlege terrengeinngrep | Per søknad      | Kr X,- |

### § 3-11-11. Anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass

| Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 l |  | Berekingseining | Gebyr  |
|--|--|-----------------|--------|
| Vnr. Y   | Mindre anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass | Per tiltak      | Kr X,- |
| Vnr. Y   | Større anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass | Per tiltak      | Kr X,- |

**Mindre:** Gjeld innan utbygd eigedom. **Større:** Gjeld der anlegget strekk seg over fleire eigedomar eller større nye utbyggingar.

### § 3-12. Andre vurderingar

Andre vurderingar utløyer ikke grunnebryr. Tiltak på eksisterande byggverk kan utløye registreringsgebyr.

| Andre vurderingar |   | Berekingseining | Gebyr  |
|-------------------|---|-----------------|--------|
| Vnr. Y            | Tiltak på eksisterande byggverk (unntak frå TEK), pbl § 31-4  | Per unntak      | Kr X,- |
| Vnr. Y            | Godkjenning av sjølvbyggjeransvar, SAK § 6-8  | Per søknad      | Kr X,- |
| Vnr. Y            | Godkjenning av føretak som ikke oppfyller krava til utdanning mv. i SAK, pbl § 23-8, jf. SAK § 11-4 | Per føretak     | Kr X,- |
| Vnr. Y            | Løyve til tilknyting til eksisterande private vann- og avløpsanlegg, jf. pbl. § 27-3                | Per søknad      | Kr X,- |
| Vnr. Y            | Tilleggsgebyr kor kommunen må innhente naudsynt samtykke eller utsegn frå andre myndigheter         | Per søknad      | Kr X,- |
| Vnr. Y            | Tillegg for avfallsplan for tiltak som ikke gjeld riving, jf. pbl. § 20-1 e                         | Per avfallsplan | Kr X,- |

### § 3-13. Igangsetjingssløye, midlertidig bruksløye og ferdigattest

Igangsetjingssløye, midlertidig bruksløye og ferdigattest utløyer ikke eige grunn- eller registreringsgebyr.

| Igangsetjingssløye, midlertidig bruksløye og ferdigattest jf. Pbl § 20-3 |   | Berekingseining | Gebyr  |
|--|---|-----------------|--------|
| Vnr. Y   | Igangsetjingssløye  | Per løyve       | Kr X,- |
| Vnr. Y   | Midlertidig bruksløye   | Per søknad      | Kr X,- |
| Vnr. Y   | Ferdigattest der det har gått meir enn 5 år etter opphavleg byggjeløyve blei gitt | Per søknad      | Kr X,- |

### § 3-14. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter [plan- og bygningsloven](#) som ikke fell inn under andre bestemmingar i dette kapitelet, fakturerast etter tida som er gått med. I spesielle/atypiske saker kan kommunen sjølv bestemme at gebyret skal fastsettast etter tida som er gått med.

Timesatsen dekker blant anna sakshandsaming, støttefunksjonar og administrasjon.

| Timepris | Berekingseining       | Gebyr    |        |
|----------|-----------------------|----------|--------|
| Vnr. Y   | Gebyr for medgått tid | Per time | Kr X,- |

## Kapittel 4 – Eigarseksjonering

### § 4-1. Generelt

Kapitelet omhandlar gebyr for seksjoneringsaker etter [eierseksjonsloven](#). For alle søknadspliktige tiltak skal det betalast gebyr, med mindre noko anna kjem fram av forskrifta. Samla gebyr består av grunngebyr, registreringsgebyr, sakhandsamingsgebyr og eventuelle tilleggsgebyr. Storleiken på gebyret er det same for løye som for avslag.

Ved tilleggsareal i grunn kjem det gebyr for oppmålingsforretning i tillegg, sjå § 5-4 om gebyr for opprettning av uteareal på eigarseksjon.

### § 4-2. Grunngebyr

Det fakturerast grunngebyr i alle saker, med mindre noko anna går fram av denne forskrifta. Grunngebyret skal dekke dei generelle oppgåvane i sakhandsaminga som er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket, t.d. arkiv, infrastruktur, mottakskontroll mv.

| Grunngebyr                    | Berekingseining | Gebyr  |
|-------------------------------|-----------------|--------|
| Vnr. Y Søknadspliktige tiltak | Per søknad      | Kr X,- |

### § 4-3. Registreringsgebyr

Gebyret fakturerast for alle saker. Arbeidet i matrikkelen aukar proporsjonalt med tal på seksjonar og vert berekna per seksjon. Gebyret reknast maksimalt inntil 20 seksjonar.

| Registreringsgebyr        | Berekingseining | Gebyr  |
|---------------------------|-----------------|--------|
| Vnr. Y Registreringsgebyr | Per seksjon     | Kr X,- |

### § 4-4. Mangelfull søknad

Dersom søknaden ikkje følgjer krava i [eierseksjonsloven § 11](#) og kommunen må sende mangelbrev, tilkjem eit tilleggsgebyr.

| Mangelbrev        | Berekingseining | Gebyr  |
|-------------------|-----------------|--------|
| Vnr. Y Mangelbrev | Per mangelbrev  | Kr X,- |

### § 4-5. Opprettning av eigarseksjonar

Maksimalt gebyr vert sett til 5 gonger gebyret for inntil tre seksjonar.

| Opprettning av eigarseksjonar                     | Berekingseining | Gebyr  |
|---|-----------------|--------|
| Vnr. Y Til og med 3 seksjonar                     | Per søknad      | Kr X,- |
| Vnr. Y Frå fire seksjonar, tillegg per ny seksjon | Per seksjon     | Kr X,- |

### § 4-6. Reseksjonering, endring av eigarseksjonar i seksjonert sameige

Maksimalt gebyr vert sett til 5 gonger gebyret for inntil tre seksjonar.

| Reseksjonering                                    | Berekingseining | Gebyr  |
|---|-----------------|--------|
| Vnr. Y Til og med 3 seksjonar                     | Per søknad      | Kr X,- |
| Vnr. Y Frå fire seksjonar, tillegg per ny seksjon | Per seksjon     | Kr X,- |

### § 4-7. Sletting/oppheving av seksjonert sameige

| Sletting/oppheving av seksjonert sameige                         | Berekingseining | Gebyr  |
|--|-----------------|--------|
| Vnr. Y Sakhandsamingsgebyr for å slette seksjonar på ein eigedom | Per eigedom     | Kr X,- |

### § 4-8. Tilleggsgebyr

| Tilleggsgebyr                         | Berekingseining | Gebyr  |
|---------------------------------------|-----------------|--------|
| Vnr. Y Gebyr for synfaring            | Per synfaring   | Kr X,- |
| Vnr. Y Seksjonering av anleggseigedom | Per time        | Kr X,- |

### § 4-9. Avbroten sak

Dersom søker avbryt søknaden før tinglysing skal det betalast eit gebyr for å dekke kostnadene til kommunen med saksarbeidet.

| Avbroten sak  | Berekingseining | Gebyr                                    |
|---|-----------------|--|
| Vnr. Y Søknad som trekkast, avisast eller avsluttast før påbegynt sakhandsaming                       | Per søknad      | Grunngebyr + eventuelt mangelbrev        |
| Vnr. Y Søknad som trekkast etter at kommunen har satt i gong sakhandsaming, men før førstegongsvedtak | Per søknad      | Grunngebyr + 50 % av sakhandsamingsgebyr |

#### § 4-10. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter eierseksjonsloven som ikke fell inn under andre bestemmingar i dette kapitelet, fakturerast etter tida som er gått med. I spesielle/atypiske saker kan kommunen sjølv bestemme at gebyret skal fastsettast etter tida som er gått med. Timesatsen dekker blant anna sakshandsaming, støttefunksjonar og administrasjon

| Timepris                     | Berekingseining | Gebyr  |
|------------------------------|-----------------|--------|
| Vnr. Y Gebyr for medgått tid | Per time        | Kr X,- |

## Kapittel 5 - Oppmåling

#### § 5-1. Generelt

Kapitelet omhandlar gebyr for oppmålingsforretning og sakshandsaming etter [matrikkellova](#). Alle oppmålingsforretningar etter matrikkellova skal betala grunngebyr og gebyr for oppmålingsforretning med mindre anna kjem fram av forskrifa.

#### § 5-2. Tidsfristar om vinteren

Den generelle handsamingsfristen på 16 veker for saker etter matrikkelforskriftens § 18 tredje ledd gjeld ikkje i perioden frå 1. november til 1. mai. I deler av kommunen kor naudsynte tilkomstvegar er vinterstengt etter 1. mai startar ikkje tidsfristen før vegane er opna etter vinterstenging.

#### § 5-3. Grunngebyr

Det fakturerast grunngebyr i alle saker, med mindre nok anna går fram av denne forskrifta

| Grunngebyr                               | Berekingseining | Gebyr   |
|--|-----------------|---------|
| Vnr. Y Rekvirert sak etter matrikkellova | Per sak         | Kr. X,- |

#### § 5-4. Gebyr for oppmålingsforretning

| Oppmålingsforretning – Gebyr for sakshandsaming  | Berekingseining                 | Gebyr  |
|--|---------------------------------|--------|
| Vnr. Y Opprettning av grunneigedom og festegrunn og matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn | Første matrikkeleining          | Kr X,- |
| Vnr. Y Tillegg for opprettning av fleire matrikkeleiningar i same rekvisisjon*                       | Per påfølgjande matrikkeleining | Kr X,- |
| Vnr. Y Arealoverføring   | Per sak                         | Kr X,- |
| Vnr. Y Opprettning av uteareal på eigarseksjon   | Første tilleggsdel              | Kr X,- |
| Vnr. Y Tillegg for opprettning av fleire uteareal på eigarseksjon i same rekvisisjon*                | Per påfølgjande tilleggsdel     | Kr X,- |
| Vnr. Y Registrering av anleggseigedom  | Per ny anleggseigedom           | Kr X,- |
| Vnr. Y Opprettning av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning                             | Per matrikkeleining             | Kr X,- |
| Vnr. Y Grensejustering   | Per grensejustering             | Kr X,- |
| Vnr. Y Arealoverføring til offentleg veg   | Per delareal                    | Kr X,- |
| Vnr. Y Grensepåvising av tidlegare koordinatfesta grenser  | Per sak                         | Kr X,- |
| Vnr. Y Klarlegging av grense for grunneigedom som ikkje er koordinatfestet i tidlegare forretning    | Per sak                         | Kr X,- |
| Vnr. Y Punktfeste  | Per punktfeste                  | Kr X,- |
| Vnr. Y Registrering av jordsameige   | Per time                        | Kr X,- |
| Vnr. Y Samanslåing av eigedommar   | Per søknad                      | Kr 0,- |
| Gebyr ved oppmåling i marka  | Berekingseining                 | Gebyr  |
| Vnr. Y Oppmøtegebyr  | Per oppmøte                     | Kr X,- |
| Vnr. Y I tillegg til satsane over kjem eit gebyr per grensepunkt som må målast og merkast i marka    | Per grensepunkt                 | Kr X,- |

\*Forutsett samstundes rekvisisjon av oppmålingsforretning og eller opprettning av uteareal på eigarseksjon

For grensepunkt i bogar skal det betalast for inntil 2 grensepunkt per bøge, i tillegg til start- og stopp-punkt, sjølv om det er fleire grensepunkt.

Dersom delar av arbeidet vert utført av andre enn oppmålingsmynde skal gebyret til kommunen fastsetjast etter kor stor del av arbeidet kommunen utfører, etter følgjande prosentskala:

- Klargjering, registrering og sluttkontroll: 35 %
- Innkalling, forretning og merking: 25 %
- Måling, utrekning og utteikning: 40 %

## § 5-5. Avbrote forretning

Ved avbrote forretning skal det betalast ein del av gebyret avhengig av kor langt kommunen har kome i sakshandsaminga.

| Gebyr ved avbroten forretning |   | Berekingseining | Gebyr                      |
|-------------------------------|---|-----------------|----------------------------|
| Vnr. Y                        | Gebyr for utført arbeid dersom saka vert trekt eller må avvisast før oppmåling i marka er gjennomført | Per sak         | Grunngebyr + 30 % av § 5-4 |
| Vnr. Y                        | Gebyr der saka avsluttast etter at oppmålingsforretninga er gjennomført                               | Per sak         | 75 % totalt gebyr          |

## § 5-6. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter matrikkellova som ikkje fell inn under andre bestemmingar i denne forskrifta, fakturerast etter tida som er gått med. I spesielle/atypiske saker kan kommunen sjølv bestemme at gebyret skal fastsettast etter tida som er gått med. Timesatsen dekker blant anna sakshandsaming, støttefunksjonar og administrasjon.

| Timepris |   | Berekingseining | Gebyr  |
|----------|---|-----------------|--------|
| Vnr. Y   | For dei tenestene som ikkje fell inn under regulativføresegnene | Per time        | Kr X,- |

# Kapittel 6 - Ikraftsetjing

## § 6-1. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2026. Frå same tid opphevast:

- [FOR-2021-11-24-3907: Forskrift om gebyr etter plan- og bygningsloven, eigarseksjonsloven og matrikkellova, Stranda kommune, Møre og Romsdal](#)
- [FOR-2010-06-24-1114: Forskrift om gebyr for behandling etter plan- og bygningslova, Stranda kommune, Møre og Romsdal](#)